

Julebrev konfirmantarbeidet 2022/23

Vi er halvveis til konfirmasjon for 170 flotte ungdommar!

Det tar tid å bli kjent med alle, men vi håpar at alle konfirmantane kjenner at dei blir sett av nokon av oss vaksne og ungdommar i konfirmantteamet! Det er målet med aktivitetsgruppene. Og så håpar vi dei har fått litt innblikk i kva kristen tru er, kven Jesus var og er for oss i dag, kva ei gudsteneste er og kva fellesskapa våre inneheld. Dette skal vi fortsetje med å bli kjent med etter nyttår.

Vi har prøvd ut nytt konfirmantopplegg, og set pris på tilbakemeldingar om korleis det kjennes for konfirmantane og dykk foreldre!

Eitt av måla våre med det nye konfirmantarbeidet var å koble konfirmantarbeid med ungdomsarbeidet i større grad enn tidlegare. Vi ville senke terskelen for konfirmantane til å delta på ungdomsarrangement i Tunet utanom konfirmantsamlingane, og det ser vi klart og tydelig at det er mange som vil. Ungdomsarbeidet vårt arrangerte julegalla 9.desember, og om lag 30 konfirmanter deltok på den (av 110 ungdommar). Det var veldig kjekt å sjå!

Vi må takke for at de foreldre stiller opp; som støtte på onsdagssamlingane og no sist ved Lysmessa! Det er heilt avgjerande for oss at de stiller opp slik de gjer, og det er trygt og godt å ha dykk med på laget! Tusen takk for alle bidrag!

Her er nokre viktige datoar for våren:

Dato	Klokkeslett	Kva
Tirsdag 17.januar	Kl 19 - 20	Foreldremøte i Nore Neset kyrkje
Onsdag 18.jan	Kl 18 – 19.30	Oppstart konfirmanter i BLÅ kategori/grupper
Onsdag 25.jan	Kl 18 – 19.30	Oppstart konfirmanter i GUL kategori/grupper
25.- 26.mars		Fasteaksjonshelg
19.april		Avslutning for alle

På foreldremøte tirsdag 17.januar får de meir informasjon om våren, undervisning, Fasteaksjon, leir og førebuing inn mot konfirmasjonane. Vel møtt til det!

Vi håpar de får gode og oppløftande dagar no i juletida! Og så gler vi oss til nye samlingar på våren!

God jul og godt nyttår frå alle oss - til alle dykk!

Venleg helsing

Gro Helen B. Skjælaaen og Anette Emilie Gangstø

